

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 18/66-4

Revisjonsplan finansiell revisjon - rekneskap 2018

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa om plan for finansiell revisjon av rekneskapen for 2018 til vitande

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapen vert revidert på ein trygg og føremålstenleg måte. Dette er eit av hovudoppdrag som utvalet har fått tildelt av fylkestinget. Dette ansvaret, og denne oppgåva krev at kontrollutvalet set seg inn i kva revisor skal utføre av revisjonshandlingar, noko utvalet vil få i denne gjennomgangen av revisor. I tillegg vil revisor bli bedt om å orientere utvalet underveis gjennom året slik at utvalet kan ta stilling til om revisor har utført det som vert presentert i planen.

2. Vurderingar og konsekvensar

Planen for finansiell revisjon av rekneskapen for 2018 vert presentert for utvalet i møte 25. september. Kontrollutvalet får ved denne presentasjonen ei oversikt over dei vurderingar som ligg til grunn for revisjon av rekneskapen. Utvalet får også oversikt over dei revisjonshandlingar som revisor vil gjennomføre hausten 2018 og vinter/vår 2019.

Revisjon av årsrekneskapen vil resultere i ei revisjonsmelding, og evt. revisorbrev. I revisorbrevet tek revisor opp forhold som er så vesentlege at det er viktig at leiinga i fylkeskommunen vert kjent med dei, men ikkje er å sjå på som vesentlege for rekneskapen sin heilskap.

Revisor vil orientere kontrollutvalet i tida fram mot revisjonsmelding med status på den finansielle revisjon, slik at utvalet får høve til å stille spørsmål om framdrift og funn.

3. Konklusjon

Kontrollutvalet får ved denne saka eit god oversikt over SF revisjon IKS sin plan for finansiell revisjon av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap 2018. Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å ta orienteringa til vitande.

